Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. | Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hattfjelldal

Emne: Brynet. | Bygdelag: Rösvatn.

Oppskr. av: Ivre Tustervatn | Gard: Tustervatn

(adresse): Hattfjelldal | G.nr. 68 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei mest etter andres röynsler.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Jakob Kvalbukt född 17/4 1858 i Kvalbukt, Hattfjelldal. Yrke: Kårmann.

SVAR

1. Ein sa eit bryne om det ein bruka på ljåar og ei hein om det ein kvetja knivar på.

2. Det brukest bryner av naturstein, men det finst ikkje naturleg brynestein i bygda, så ein måtte få dei andre stadar ifrå.
Bryner fekk ein frå Beiarn og heiner frå Bjölkvassdalen i Sverike og neverheiner frå Neverelva der nord.
Det vart kjöpt hos kjöpmennene.

3. Reidskapane först slipa på slipestein og etterpå kvest med bryne eller hein.

4. Det er fortald at i förste tida slipa dei ljåane berre på ei sida, og når dei så vart ukvasse, slipa dei andre sida, skiftevis annakvar gong.
At egga vart tynnt ut med hamar i staden for å slipa, kjenner

884

ein ikkje til.

5. Det fanst ikkje nokon stein som låg heilt still og som ein slipa på ved å föra reiskapen fram og tilbake på.

Heime ved húsa stod alltid ein rund slipestein. Han vart ikkje flytt bortetter heimejorda. Derimot hadde ein stundom med seg slipestein på út-slåttane, då det var stader som kunne ligga ei halv mil frå heimegarden og ein såleis var borte heile dagen og stundom to dagar mellom kvar gong ein var heime.

6. Det var ikkje noko fastsett tid ein brúka ljåen för han vart slipa, - det var berre når han vart svært úkvass.

7. Ein brúka brynestekka av tre som var påklint tjære og sand. Det vart kalla brynstekka, og slerra kalla somme det. Slerra og brynestein vart brúka skiftesvis

8. Ljåen sat som oftast i orvet då dei slipa, og gjer det endå.
Egga vart snúdd i mot seg endå om ein hadde teke ljåen av orvet.

9. Ljåen vart halden slik at ein sette orvet únder vinstre aksla


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med vinstre armen og handa oppå
gjæen når ein kvetja!
Stuttorv fanst ikkje her, og sjeldan
langorv. Dei orva dei no hav er
svingorv.

10. Koppen som brynet vart bore i
heitte brynkinna og var av tre.
I den seinare tid laga somme
seg bryneslire av lær.

11. Brynet vart ikkje bore i okse- eller
kuhorn.

12. Ein hengde brynkinna på beltet
med vatn i. Ho hang helst på
sida og bak.

13. Dei som ikkje hadde brynkinna
vætte brynet med vatn ved å stikka
det i myra eller og i bekk dersom
den var i nærleiken. Eller og
vætte dei brynet med å spytta
på det.
Sand og tjere hadde ein på
trebryne.

14. Stjølet som kom fram ved bry-
ning eller kvetjing, kalla ein
for brynsvorta.

15. 16. og 17. og 18. Ein kjenner ikkje
til det.

884
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19. Ein sa ikkje noko om ein laut spilla på bynet.

20. Det er heilt ukjent at ein sa fram noka ramser eller viser under kvessinga.

884
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING